

Innhald

1.0 Strategiplan

1.1 Strategiplan – kva og kvifor

1.2 Mål

2.0 Arenaer for kulturaktivitetar

2.1 Dei ulike arenaene

2.2 Mål

3.0 Bibliotek

3.1 Innhald

3.2 Mål

4.0 Kulturskolen

4.1 Innhald

4.2 Mål

5.0 Den kulturelle skulesekken

5.1 Innhald

5.2 Mål

6.0 Den kulturelle spaserstokken

6.1 Innhald

6.2 Mål

7.0 Kulturarbeid barn og unge

7.0.1 Bakgrunn

7.0.2 Mål

7.1 Ungdomsråd

7.1.1 Innhald

7.1.2 Mål

7.2 Ungdomsklubbane

7.2.1 Innhald

7.2.2 Mål

7.3 Ungdommens kulturmonstring

7.3.1 Mål

7.4 European voluntary service (EVS)

7.4.1 Mål

8.0 Kulturminnevern

8.1 Samarbeidspartnarar

9.0 Idrett og friluftsliv

9.1 Turløyper og merking

9.2 Bremangerhallen

9.3 Svelgen Idrettshus

9.4 Ballbingane

9.5 Mål

10.0 Kontakt med lag og organisasjonar

10.1 Dei frivillige organisasjonane i Bremanger

10.2 Praplyorganisasjonar

10.3 Mål

11.0 Bremanger sogenemd

11.1 Innhald

11.2 Mål

12.0 Samarbeidsfora

12.1 Innhald

13.0 Handlingsplan

14.0 Kjelder

1.0 Strategiplan

1.1 Strategiplan – kva og kvifor

I Bremanger kommune sitt vedtekne planprogram for inneverande kommunestyreperiode, ligg å lage strategiplan for kultur inne som tiltak som skal gjennomførast i 2013. Mellom anna på grunn av endringar i personalressursane i eininga, har prosessen teke noko lenger tid.

Kulturstrategien er det overordna styringsdokumentet for kommunen sitt kulturarbeid, og er styrande for dei prioriteringane som vert gjort administrativt og politisk i kommunen.

I arbeidet med strategiplanen har fagleiarar, kulturkonsulent og kultursjef utgjort arbeidsgruppa. Fagleiarane har hatt ansvar for å kome med innspel på dei respektive fagområda.

1.2 Mål

- Sikre kvaliteten på kulturtilbodet som gis av Bremanger kommune.
- Spisse aktivitetane mot dei områda innan kulturfeltet som vert vurdert viktigast å jobbe med for Bremanger kommune.
- Organisere og systematisere aktivitetane driftseining kultur er ansvarlege for.

2.0 Arenaer for kulturaktivitetar

2.1 Dei ulike arenaene

Bremanger har mange ulike kulturarenaer, både skulane, idrettshallane, gymsalane, uteanlegga og forsamlingshusa er viktige formidlingsarenaer for kultur. Driftseininga er i gjennom mellom anna kulturskulen ein aktiv brukar av fleire av bygga. Det er stor forskjell i bruksgraden av dei ulike arenaene, og også stor forskjell i standard.

2.2. Mål

- Sikre saman med styret Svelgen Samfunnshus som Bremanger sitt sentrale kulturbygg.
- Halde nær kontakt med dei ulike skulane, styra for idrettshallane og styra for dei ulike forsamlingshusa som representerer kulturarenaene våre, her også kulturbygga drifta av private, samt kinoane. Dette gjer vi for å vere med å sikre gode arenaer både for kommunen og dei frivillige organisasjonane og ålmenta elles.

3.0 Bibliotek

3.1 Innhald

Bremanger folkebibliotek består av:

- Hovudbibliotek, som ligg i Svelgen,
- Ein filial, som ligg på Hauge
- Ein stopp for bokbåten i Skatestraumen

Bokbåten Epos har ein stoppestad i kommunen, i Skatestraumen. Den kjem dit to gongar i året og ligg ved kai i to timar.


3.2 Mål

- Gode og tidsmessige lokale for bibliotekfilial i ytre del av kommunen.
- Auka kompetanse og ressursar retta mot barn og barnelitteratur.
- Formelle avtalar med oppvekstsentra kring nivå og omfang av samarbeid.
- Auka aktivitet i biblioteka.
- Gjere Hauge filial til ein naturleg møteplass, mellom anna med fokus på ungdom.
- Gje biblioteklokala på Hauge universell utforming.

4.0 Kulturskulen

4.1 Innhald

Kulturskulen har i 2013 196 elevar som fyller 256 elevplassar. Av desse er 98 ein - til - ein undervisning, resten grunnopplæring, band og andre grupper. Skulen har 49 elevar på venteliste, alle desse ventar på instrumentopplæring. Kulturskulen skal gi undervisning i musikk, visuelle kunstfag og dans. Vi kan dele undervisninga inn i 2 hovudgrupper:



4.2 Mål

- Gi alle innbyggjarar i kommunen eit kulturskuletilbod
- Fjerne ventelista
- Tilby ein gratis kulturskuletime ved alle skulane i kommunen
- Gi alle innbyggjarar i kommunen gode kulturopplevingar
- Vere eit ressurscenter for kultur i kommunen
- Vidareutvikle kulturskulens faglige innhald og aktivt utvikle nye tilbod i tråd med behov i lokalsamfunna.

5.0 Den kulturelle skulesekken

5.1 Innhald

Kommunen sine primære oppgåver i DKS er:

- Drifte lokalt kulturforum. Fylket stiller krav om at det i kvar kommune er eit kulturforum som skal utarbeide den lokale delen av DKS.
- Kulturkontoret skal sikre eit kvalitativt godt tilbod til alle elevane i Bremangerskulane.
- Legge til rette for synergjar av fylkestilboda i DKS. Fylkestilboda kjem i tillegg til den lokale delen av DKS og utgjer ein sikringskost – meint som supplement til lokale planar.

Den kulturelle skulesekken har tre bein:

- To og tredimensjonal kunst
- Musikk, teater og film
- Lokal forankring

Den kulturelle skulesekken skal sikre eit profesjonelt kulturtilbod til elevar i grunnskulen. Tilbodet skal følgje ein plan laga i samarbeid mellom skule og kultur. Skulesekken er politisk forankra som eit forpliktande samarbeid mellom skulane og kultureininga.

5.2 Mål

- Gi tilbod til alle klassesteg i alle tre fagområda.
- Gjennom skulesekken dekke dei krava som ligg til møte med kunst og kultur i læreplanverket.

6.0 Den kulturelle spaserstokken

6.1 Innhald

Spaserstokken er bygd over same lesten som skulesekken lokalt, med tre tema eller område:

- Lokal forankring.
- Musikk, teater, film.
- To og tredimensjonal kunst.

6.2 Mål

- Gi tilbod til alle institusjonane i alle tre fagområda.
- Tilbodet skal ha høg grad av profesjonalitet og halde ein god standard.
- Samarbeide med Sogn og Fjordane Fylkeskommune for om mogleg å samkøyre enkeltarrangement frå skulesekken i spaserstokken.

7.0 Kulturarbeid barn og unge

7.0.1 Bakgrunn

Bremanger kommune har eit spesielt ansvar for å leggje til rette og følgje opp ungdom, også når det gjeld kultur, idrett og friluftsliv. Det er eit overordna mål å gje ungdom lavterskeltilbod som ikkje ekskluderer på pris, kompetanse eller anna. Kulturarbeidet retta mot barn og unge skal vere med å gi trygge, spanande møteplassar, og vere med å gjere dei til gode og aktive innbyggjarar med ei brei kulturell ballast. Driftseining kultur vil jobbe med å betre den generelle forståinga for at dette krev kompetanse og skikkelege arbeidsvilkår, om ein skal ta arbeidet på alvor.

7.0.2 Mål

- Bremanger kommune skal vere ein av dei beste kommunane i landet å vekse opp i.
- Bremanger kommune skal ha et rikt og variert kulturtilbod for både organisert og uorganisert barn- og ungdom. Det skal sikrast gjennom eit samarbeid med dei frivillige organisasjonane i kommunen.
- Barn og unge skal vere delaktig i prosessane som påverkar deira livsvilkår, og deira meining skal til leggast vekt i den kommunale prosessen.
- Barne- og ungdomsarbeidarane i kultureininga skal ha gode arbeidsvilkår med moglegheit for å halde seg oppdaterte på endringar i ungdomsmiljøet. Det skal leggast til rette for kompetanseheving, både med interne og eksterne ressursar.

7.1 Ungdomsråd

7.1.1 Innhald

Barn og ungdoms rett til deltaking og innverknad er nedfelt både i FN sin Barnekonvensjon og i anna norsk lovgiving. Kommunane skal jobbe aktivt med å sikre reell innverknad for barn og ungdom, mellom anna gjennom ungdomsråd. Eit ungdomsråd er eit viktig organ i vårt demokratiske system. Rådet har hatt periodar med mykje aktivitet, men det har og vore periodar der ordninga ikkje har fungert.

Det er ikkje alltid samsvar mellom kva vi ønskjer at rådet skal vere og kva vi får til. Eininga opplever at Ungdomsrådet har høg status på politisk nivå, men både administrasjon og politisk nivå må jobbe mykje meir for å få rådet til å bli ein integrert del av sakshandsaminga i kommunen.

I Bremanger blir representantane til ungdomsrådet valt ved direkteval i september kvart år.

- 3 faste plassar går til oppvekstsentra i kommunen.
- 6 plassar er frie til lag, organisasjonar og ungdomsklubbar.

Ungdomsrådet er eit lokal høyrings- og uttale organ. Rådet skal vere den lokale ungdommen sitt talerøyr inn til politikarane i kommunen. Ungdomsrådet har talerett i kommunestyret.

7.1.2 Mål

- Bremanger kommune skal ha eit aktivt ungdomsråd.
- Ungdom skal høyrast og bli tatt omsyn til i saker som gjelder deira gruppe.

- Bremanger kommune skal i størst mogleg grad sette handling bak ungdommen sine innspel og konklusjonar.
- Alle utval og politisk valte representantar skal sørge for å bruke ungdomsrådet som høyringsinstans. Møta til Ungdomsrådet skal leggast slik at dei stettar ungdommen sin moglegheit til å delta.
- Jobbe saman med sjumilstegsgruppa for å legge betre til rette for ungdomsrådet.

7.2 Ungdomsklubbane

7.2.1 Innhald

Ungdomsklubbane er lokaliserte i Svelgen (Samfunnshuset), Davik (Borgstova) og Hauge (Skjeret). Bruken av aktivitetane er varierende, både når det gjeld tid på året, og kva for ein klubb vi ser på. Klubbane er opne til noko ulik tid, men først og fremst på fredagane. Dei har diverse utstyr som nyttast i ulike aktivitetar som bordtennis, biljard, brettspel og musikk.

7.2.2 Mål

- Å nå ungdom som ikkje brukar dei frivillige organisasjonane, og fungere som eit supplement til dei allereie eksisterande tilboda.
- Å utvikle ungdommen si evne til å samarbeide og respektere andre og seg sjølv.
- Å utvikle ein demokratisk haldning ved å gi rett til medverknad.
- Å gi erfaring til å arbeide saman i grupper, og der igjennom utvikle solidaritet, sjølvstende og samarbeidsvilje.
- Auke personellressursane ved klubbane.
- Meir ope, særleg på fredagar, enten som klubbkveld eller anna aktivitet..
- I samarbeid med andre aktørar, sjå på andre aktivitetar i og utafor dei tradisjonelle ungdomsklubblokala.
- Synleggjere behova for endring av innhald og type aktivitetar i ungdomsarbeidet.

7.3 Ungdommens kulturmønstring (UKM)

7.3.1 Mål

UKM skal stimulere og synleggjere ungdommen sine kulturelle aktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. UKM lokalt skal gi ungdom sjansen til å vise fram sitt kulturuttrykk i ei profesjonell ramme – opent for all ungdom.

7.4 European voluntary service (EVS) og utveklingsprosjekt gjennom Aktiv ungdom

EVS programmet er underlagt BUFdir og EU sitt ungdomsprogram, i Noreg lagt under "Aktiv ungdom". Bremanger kommune vart godkjent til å ta imot fire volontørar i 2013. Volontørane kan jobbe i heile den kommunale organisasjonen, samt i frivillige lag. Kultureininga har hovudfokus på miljøarbeid. Ordninga er finansiert via EU sitt ungdomsprogram.

Utvexlingsprogram for ungdom legg til rette for å møte ungdom frå Europa, i Bremanger og i utlandet. Gjennom desse ordningane skapar eininga aktivitetar som vi ikkje ville klart aleine.

7.4.1 Mål

- Meir meningsfull fritid for barn og unge med spesielle behov.
- Auka opningstid og aktivitetsnivå i ungdomsaktivitetane.
- Starte opp volontørprogrammet i Bremanger.
- Gje ungdom i Bremanger spanande møte med ungdom frå andre delar av Europa.

8.0 Kulturminnevern

Kulturarven utgjer vårt kollektive minne om tidlegare generasjonar sine samfunn og levekår. Mennesket har alltid sett spor etter seg i omgjevnadane. Spora kan ha ei anna tyding for oss som lever i dag, enn for dei menneska som sette dei.

For å sikre at kulturminnevernet i Bremanger blir teke vare på, er det planlagt å lage ein kommunedelplan for kulturminne i kommunen sin planstrategi for inneverande kommunestyreperiode.

8.1 Samarbeidspartnarar

Bremanger kommune har eit fast samarbeid med fleire aktørar, både dei institusjonaliserte kulturminneforvaltarane i regionen, men og frivillige lag og grupperingar. I samband med kulturminneplanen vil vi evaluere samarbeidsformer og omfang av samarbeid mellom kommunen, frivillige aktørar og kulturminneinstitusjonane.

9.0 Idrett og friluftsliv

9.1 Turløyper og merking

I Bremanger har vi eit stort mangfald av turløyper, frå løyper langs asfalterte bilveggar til bratte, utfordrande stigar. Kommunen og Keipen turlag har samarbeid om utforming av merkeprogrammet til turløypene.

Merkeprogrammet følgjer dei sentralt oppsette standardane, som fleire og fleire kommunar har byrja å nytte seg av. Arbeid med merking ligg organisert under turistansvarleg.

9.2 Bremangerhallen

Bremangerhallen er mykje i bruk, med trening og aktivitet omtrent alle ettermiddagar og kveldar. Bruk av hallen vert teke hand om av eit hallstyre, mens kommunen har ansvar for rekneskapsføring, inn- og utbetalingar, samt ein del av vedlikehaldet.

Bygget er utstyrt med eigen scene.

9.3 Svelgen Idrettshus

Svelgen idrettshus er og mykje i bruk, med trening og aktivitet omlag alle dagar. Bruk av hallen blir ivaretatt av eit hallstyre, mens kommunen har ansvar for regnskapsføring, inn- og utbetalingar, samt ein del av vedlikehaldet.

9.4 Ballbingane

Bremanger har ballbingar i dei fleste bygder, totalt seks stykk. Ballbingane i Svelgen, Ålfoten og Kalvåg eigast av idrettslaga i bygda, dei andre er i kommunal eige.

9.5 Mål

Bremanger kommune skal vere ein aktiv samarbeidspartnar til beste for både den organiserte og den uorganiserte idretts- og friluftaktiviteten, mellom anna gjennom tiltak sett i verk i samarbeid med turlag og idrettsråd.

10.0 Kontakt med lag og organisasjonar

10.1 Dei frivillige organisasjonane i Bremanger

Bremanger har eit rikt organisasjonsliv, som er grunnleggjande viktig for at kulturlivet skal blomstre. Organisasjonslivet dekker eit bredt spekter av aktivitetstypar og skapar aktivitet i alle bygder og alle aldersgrupper. Kommunen skal vere ein aktiv samarbeidspartnar med dei organisasjonane som treng bistand i sitt arbeid kring drift og utvikling.

10.2 Paraplyorganisasjonar

Bremanger kommune oppfordrar dei ulike organisasjonane i kommunen til å sjå på nytta av å danne paraplyorganisasjonar/ overbyggjande organisasjonar for å kunne lage møteplassar og få gode dialogar om felles problemstillingar.

10.3 Mål

Bremanger kommune skal støtte opp om det frivillige organisasjonslivet, med prosjektmidlar og praktisk hjelp til mellom anna søknadsskriving, samarbeid organisasjonane i mellom og organisering av aktivitetsåret. Kommunen skal vere med å tilby kompetansehevande kurs til lag og organisasjonar. Bremanger kommune skal vere med å legge til rette for at organisasjonslivet framleis vil vere ein oppegåande og aktiv samfunnsaktør.

11.0 Bremanger sogemnd

11.1 Innhald

Sogemnda blei oppnemnd då kommunen hadde behov for ei nemnd som kunne stå for utgjeving av bygdebok og elles vere eit koordinerande organ for kommunen i lokalhistoriske saker.

11.2 Mål

Gi ut allmennsoga for Bremanger.
Vere høyringsorgan for saker med lokalhistorisk interesse.

12.0 Samarbeidsfora

12.1 Innhald

Bremanger kommune ved driftseining kultur er med i Kulturnettverk Nordfjord, Kulturnettverk Sunnfjord, Norsk kulturforum, Norsk kulturskoleråd, Norsk bibliotekforening og Norsk Kulturarv. Desse samarbeidsfora er viktige informasjons- og kompetansekanalar for dei tilsette.

13.0 Handlingsplan

| Kva | År |
|---|-------------|
| <ol style="list-style-type: none">1. Aktivisere ungdomsrådet, gjennomgå valordning og organisering.2. Lage prosjekt kring korleis ungdomsarbeidet framover skal gjerast. I prosjektet deltek ungdom, administrasjon og politikarar.3. Publisere allmennsoga for Bremanger4. Etablere musikkbinge i Svelgen og Hauge.5. Legge til rette for fleispråkelege brukarar av biblioteka.6. Starte opp arbeidet med kulturminneplan.7. Utarbeide nye driftsavtaler med styra i idrettshusa, med avklaringar kring ansvar, vedlikehald og økonomi.8. Møte med Idrettsrådet for avklaring av utfordringar framover9. Invitere til samling for alle kulturaktørane i kommunen. Implementere tiltaket som fast.10. Utarbeide formell samarbeidsavtale mellom Bremanger kommune og kinoane våre.11. Gjennomføre demokratihelg for elevråd og anna ungdom12. Legge fram til politisk handsaming Vingen som Verdsarvområde (UNESCO) | 2014 |
| <ol style="list-style-type: none">1. Informasjonskveld om spelemiddelordninga/støtteordningar for frivillige organisasjonar2. Utarbeide tiltaksliste for å betre av lydtilhøva i Bremangerhallen3. Gjennomføre helgekurs i styrearbeid for frivillige organisasjonar4. Bidra til ferdigstilling av visningssenter for industri i Svelgen5. Gjere ferdig kommunedelplan kulturminne6. Få på plass arbeidsplassar for lærarane i kulturskulen sine lokale på Hauge7. Styrke bemanninga ved lavterskeltilboda frå eininga (barn og ungdomsarbeid samt bibliotek)8. Avklare lokale for bibliotek i ytre del av kommunen | 2015 |
| <ol style="list-style-type: none">1. Styrke bemanninga ved lavterskeltilboda frå eininga2. Bidra til å ferdigstille lyssetting av Elkem3. Revisjon av Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv4. Starte prosjekt for tilbakeføring av støtter på Grotle gamle gravplass i samråd med fylkesarkeologen5. Ferdigstilling av bibliotek i Bremanger, ytre6. Ferdigstille lokale for kulturskuleaktivitet i Svelgen7. I saman med eigarane, lage ein tilstandsoversikt over kultur og forsamlingshus i kommunen. | 2016 |
| <ol style="list-style-type: none">1. Musikterapi i samarbeid med Helse og sosial2. Barnebibliotekar i samarbeid med Oppvekst | 2017 |

14.0 Kjelder

www.regjeringen.no

www.ukm.no

www.kulturvern.no

www.kulturskoleradet.no

www.noku.no

”Kulturpolitikk fram mot 2014”: Stortingsmelding nr. 48.

«Den kulturelle skulesekken i Bremanger, lokal plan 2014-2015»

Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)

Kulturlova (LOV-2007-06-29-89)

Opplæringslova (LOV-1998-07-17-61)

Folkebibliotekloven (LOV-1985-12-20-108)

Kulturminneloven (LOV-1978-06-09-50)

Film og Videogramlova (LOV-1987-05-15-21)

FNs konvensjon om barnets rettigheter (Ratifisert av Norge 8. januar 1991)